

Vidaregåande skular

Dato: 05.06.2018
Vår ref.: 2018/368-7
Saksbehandlar: chaespe
Dykkar ref.:

Kunst- og kulturprogram til vidaregåande skular skuleåret 2018-2019

Kultur- og idrettsavdelinga og Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune (HFK) vil med dette tilby kulturelle opplevingar for skuleåret 2018-2019.

HFK formidlar eit mangfald av kunst- og kulturproduksjonar til elevar i vidaregåande skular. Produksjonane skal ha høg kunstnarleg kvalitet, og vere ei kulturell oppleving for både elevar og lærarar.

Kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen skal ikkje erstatte estetiske fag, men komme i tillegg til desse som noko særskild og ekstraordinært. For mange av skulane kan produksjonane og vere verdifulle supplement til undervisninga.

Program for 2018-2019

Skuleåret 2018-2019 er det 15 produksjonar i programmet. Kort omtale av produksjonane ligg ved. (NB: speleperiode kan bli endra). Merk at nokre produksjonar vert vist/framført på kulturhus/ kunst- og kulturinstitusjonar. HFK dekkjer reise til/frå desse arenaene.

Kvar skule må via sin kontaktperson sende oss samla, prioritert liste over ønska produksjonar, gjerne med fleire alternativ. Meld også tilbake til oss kva omfang de ønskjer. Vi kan ikkje garantere at alle får fyrstevalet, men skal så godt det lar seg gjere prøve å få dette til.

Frist for tilbakemelding

Vi ønskjer å kome i dialog så raskt som mogleg, og ber om liste over ønska produksjonar **innan tysdag 19. juni**. Send lista på e-post til Arnulf Henriksen (arnulf.henriksen@hfk.no).

Ta kontakt med Arnulf Henriksen på e-post eller telefon (55 23 99 81) dersom de lurar på noko.

Vennleg helsing

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.